

Saksnr: 2019/122-1  
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		02.12.2019

**Vidareføring av forskrift til ordensreglement ut skuleåret 2019/2020****Forslag til vedtak**

Gjeldande forskrifter for ordensreglement ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vert vidareført i Vestland fylkeskommune ut skuleåret 2019/2020.

**Samandrag**

Denne saka gjeld vidareføring av gjeldande forskrift til ordensreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune ut skuleåret 2019/2020. I saka gjer påtroppande fylkesdirektør for opplæring og kompetanse greie for prosessen med å etablere ei felles forskrift til ordensreglementet for Vestland fylkeskommune gjeldande frå skuleåret 2020/2021.

Bjørn Lyngedal  
Påtroppande fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Kenth Rune Teigen Måren  
påtroppande seksjonsleiar  
Kvalitet i vidaregåande opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen skal gje forskrift om ordensreglement for dei vidaregåande skulane, jf. opplæringsloven § 9 A-10. Forskrifta om ordensreglementet skal gje regler om korleis elevane skal ha det, kva elevane kan og ikkje kan gjere på skulen, og kva som skjer om reglene ikkje følgde.

Fylkesdirektøren for opplæring sendte utkast til felles forskrift om ordens- og åtferdsreglementet for Vestland fylkeskommune ut på ei brei høyring hausten 2019, med høyringsfrist: 7. november 2019. Innspela frå høyringsrunden skal danne grunnlaget for ei politisk sak «**Felles forskrift om ordens- og åtferdsreglementet for dei vidaregåande skular i Vestland fylkeskommune**». Saka skal handsamast av hovudutval for opplæring og kompetanse våren 2020.

Fylkeskommunen må til ei kvar tid ha eit gyldig ordensreglement i samsvar med lov og regelverk. I overgangen til ein fylkeskommune må hovudutvalet, ut frå delegert mynde frå fylkestinget, vedta ei slik forskrift. Det har ikkje vore mogleg å gjennomføre naudsynte prosessar for å ha på plass eit utkast til felles reglement til årsskiftet. I tillegg vil det for elevane vere uheldig å måtte byte reglement midt i eit skuleår. Med bakgrunn i dette tilrår påtroppande fylkesdirektør at ein vidarefører dei to eksisterande forskriftene for ordensreglement som er gyldige i dei to fylkeskommunane i dag.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har vedtaksmynde i denne saka jf. delegeringsreglementet;

«§ 9A-10: Hovudutval for opplæring og kompetanse har mynde til å gje forskrifter om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skule.»

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant